

Fra: Per Lerøy (Per.Leroy@austrheim.kommune.no)

Sendt: 13.03.2018 22:22:12

Til: Even Vaular

Kopi: Hilde Hardang

Emne: Søknadar om tilskot - trygg skuleveg/punktutbetring 2018

Vedlegg: image001.jpg;image002.png;Kontaktmøte med HFK og Vegvesenet 2012.docx;Veglys Mastrevik - Toftegård.docx

Hei Even.

Eg viser til e-postane frå deg og Hilde Hardang. Når det gjeld prosjektet med veglys Toftegård – Mastrevik, så er dette eit prosjekt me fekk godkjent i 2017 med bakgrunn i TS-planen vår og HFK sine tildeling av midlar for å sikra skulevegar i 2017. Prosjektet måtte endrast fordi SVV ikkje ville godta løysinga med å nytta eksisterande trestolpar og luftspenn. Me fekk difor auka tilskotramma frå HFK til om lag 2,9 millionar kroner. Dette vart gjort i 2018. Dei mogelege ekstrakostnadane me no søker dekka, er pigging knytt til kabling i bakken som BKK ikkje har lagt inn i sine estimat. Dette er ein kostnad det per i dag ikkje er mogeleg å fastsetja, men det er ikkje snakk om store summar. På grunn av at dette var eit prosjekt som vart godkjent våren 2017, vart dette ikkje spelt inn til Investeringsprogrammet for fylkesvegane 2017.

Når det gjeld utbetring av asfaltdekket på FV 565 gjennom Austrheim, så har dette vore spelt inn av underteikna kvart år sidan kontaktmøtet mellom HFK, SVV og AK i 2012. Slik eg les dekkeleggingsprogrammet per februar 2018 så er det lagt inn midlar til to strekningar på FV 565 i Austrheim, men strekninga Slettebakken – Årås manglar. Dette er ein viktig del av skulevegen til Årås skule og Austrheim vidaregåande skule og vegdekket på denne strekninga er no så dårleg at det utgjer ein stor tryggleiksrisiko. Sjå vedlagte worddokument for begge sakene.

Det er svært vanskeleg å prioritera mellom våre to prosjekt, begge er viktige for å sikra skulevegen, men veglys er kanskje det prosjektet som vil gje oss mest tryggleik.

Hei,

HFK spør om desse tiltaka var meldt inn som høyringssvar til Investeringsprogrammet for fylkesvegane 2017.

Veit du det?

Mvh Hilde

Fra: Even Vaular [<mailto:Even.Vaular@hfk.no>]

Sendt: mandag 12. mars 2018 14.51

Til: Hilde Hardang

Emne: Søknadar om tilskot - trygg skuleveg/punktutbetring 2018

Hei Hilde!

Takk for søknadane dykker til tilskotsordninga for trygg skuleveg og punktutbetring 2018. Me har registrert følgjande søknadar:

Austrheim	Utbetring av asfaltdekke langs Fv565
Austrheim	Veglys Toftegård - Mastrevik, ekstrakostnadar pigging og massar

Eg vil gjerne be dykk om å rangera søknadane etter dykkar prioritet. Vidare lurer eg på om de meldte inn eitt av/ begge desse tiltaka som høyringssvar til Investeringsprogrammet for fylkesvegane 2017? Det kjem ikkje tydeleg fram av søknadsskjema.

Beste helsing

Even Vaular

Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75
www.hordaland.no

Fra: Per Lerøy
Sendt: onsdag 6. desember 2017 13.33
Til: 'Kvamme Solfrid Vigdis'
Emne: Vegdekke og punktutbetring Austrheim

Hei.

Me nærmar oss eit nytt budsjettår og nye friske midlar til dekklegging og punktutbetringar. Eg vil nok ein gang peika på det därlege dekket me har på deler av FV 565 frå Årås til Toftegård og frå Synnevågkrysset til Bakkastraumen bru. På FV 421 er det trong for nokre strekningsvise utbetringar av veg dekket, her er delar av vegbana i ferd med å gå i oppløysing. Det er ikkje lange strekningar det er snakk om, så det bør vera ei overkomeleg oppgåve å få denne vegen i skapleg stand.

Eg får elles meldingar frå folk som er uroa over sikringa av bakken mellom Rebnor-krysset og Tungevågen på FV 422. Her vart delar av vegen sikra for nokre år sidan, men den bakken langs Rebnor-vatnet vart ikkje sikra. Eg ber om at de vurderer å setja opp ein støypemur langs denne bakken.

Eg vil også peika på at FV 424 aldri har hatt skikkeleg toppdekke. Dette har resultert i at krysset mellom FV 424 og FV 568 har no gått heilt i oppløysing. Om ein ikkje gjer meir, bør sjølve dette krysset få nytt dekke neste år. Det er svært mange turistar som nytta desse to vegane kvart år.

Beste helsing

Per Lerøy
Ordførar
Austrheim kommune
Mob. 94506747



Beste helsing
Per Lerøy
Ordførar
Austrheim kommune
Mob. 94506747

